

Årsmelding for Hardanger Golfklubb 2018

Styret og komitear:

Styret 2018

Vigleik Skeie, leiar

Svein Lund , nestleiar

Tonje Vik, kasserar

Carl Johan Riise

Lars Skjæggestad

Anne Kristin Hammersland

Olav Torpe, vara, har møtt fast

Banekomité

Lars Audun Torvik og Svein Lund

Turneringsleiarar:

Onsdagsturnering: Lars Audun Torvik

Seniorturnering: Sigbjørn Laupsa

Valkomite:

Bjarte Døssland, leiar, og Vidar Østerbø

Styremøte og saker

Styret har i 2018 hatt 6 møte. Følgjande kan nemnast:

Medlemsstatus:

Medlemstalet i 2018 var 126 mot for 130 året før. Medlemsverving er viktig, Vi har ikkje lukkast godt nok, men hatt desse tiltaka:

- Billig tilbod til dei under 18 år, foreslår vidareført i 2019
- Veien til golf kurs deltakarar i 2018 får tilbod om fri spelereit i 2019 dersom medlemskapet vert fornya. Foreslår dette vidareført for 2019.
- Vi er med på «Ta med en venn» opplegget til NGF der prøvespelaren fører ut eit kort med data og der vi kan kontakta vedkomande i ettertid.
- Vi har lansert golfspeling i Kvamskogen-gruppa på Facebook.
- Vi har lansert at medlemene våre bør gje Veien til golf kurs som gåve til aktuelle personar.

Prisar for 2018:

Medlemskontingent: Vaksen, 20 år og over: Kr. 1800,-

Ektefelle, sambuar: Kr.1400,-

Student: Kr. 1000,-

Born og ungdom under 20 år Kr. 300,-

Greenfee:

Hgk medlem: Vaksen, laurdag/sundag	Kr. 200,-	kvardagar	Kr. 100,-
Ungdom under 20 år, lø/sun	kr. 100,-	kvardagar	Kr. 50,-

Gjestespearar, vaksen alle dagar, Kr. 200,-

Gjestespearar, ungdom (under 20 år) alle dagar Kr, 100,-

Partbrev (andelseigarar) Kr. 15000,- gjev fri spelerett i 5 år.

Serviceavgift: For andelseigarar med partbrev til lågare pris enn 15000 og for andelar til kr. 15000 som har hatt 5 avgiftsfrie år: Kr. 1000,-

Årskort (fri spelerett i 2018)	Vaksen, 20 år og over:	Kr. 1600,-
	Studentar:	Kr. 900,-
	Bornungdom under 18 år:	Kr. 300,-

Banestatus

Banen vart grøfta på dei mest utsett stadene ved leigd hjelp og ved dugnadsinnsats av Kjell Bleie med gravemaskin og med stønad frå Sparebanken Vest. Kjell grov også ned straumkablur til robotklipparar som vi fekk ha 2 av på prøve, utlånt frå Gules landbruksmekaniske verkstad. Dei gjorde også ein stor dugnadsinnsats i å halda desse i sving i vanskeleg terreng og la ned kablar for å styra desse i terrenget. Robotane fungerte svært bra og heldt banen svært godt på sine område. Styret vil takka Ole Johnny, Kjell, Arunas og Landbrukstenesta i Hordaland for arbeidet med banen i 2018.

Maskinparken

På slutten av året skifte vi ut traktoren. Maskinene fungerer, men forringast litt etter litt. Særleg fairway-klipparen er i jamt og tungt bruk. Robotklipparane har avlasta denne i 2018.

Parkeringsplassen

Med grunneigar si velsigning og stønad frå Sparebanken Vest fekk vi utvida parkeringsplassen i 2018. Plassen har «sett seg» fint.

Sikringsnett ved driwingrangen

Sikringsnettet vart lappa saman i vår, men nytt nett er innkjøpt og vi har fått kr. 30000 i stønad til dette frå Sparbankstiftinga.

Turneringar

Klubbmeisterar i 2018 vart Ingunn Grevstad og Svein Lund. Komplette resultatliste for alle turneringar ligg i Golfbox.

Sponsorar i 2018:

Generalsponsor (kr. 25000): Sparebanken Vest

Hovudsponsorar (Kr. 10000):

Øystese Mek Verkstad

Kleppe Møbelfabrikk AS

Bs1 Byggsystemer AS

Botnen Entreprenør AS

Grovabrotet AS

Holsponsorar (Kr. 2500):

Nils Aksnes & Co AS

Mo Sport AS

Norheimsund Elektro AS

Kåre Neteland AS

GBS Entreprenør AS

Blikkenslager Flotve AS

Lingalaks AS

KV Teknikk AS

Bergen hotel & restaurantdrift AS

Fargerike Norheimsund Fargehandel AS

Sparebanken Vest har i år i tillegg sponsa oss med tilskot til golfballar, grøfting og parkering og med premiar og med eigen golfturnering.

HGK vil takka alle våre støttespelarar frå næringslivet og også André Ellingsen og Lars Håkon Oma for sitt gode arbeid overfor sponsorane.

Kvam herad:

Vi vil også i år få takka Kvam herad som har støtta klubben med Kr. 48000 + for arbeid med vedlikehald og sikring av veg og arbeid for Ung fritid med Kr. 22000.

Dugnad frå medlemene:

I tillegg til hovuddugnad med rydding og klargjering av banen om våren har det vore prosjekt med grøfting, robotklipparar, vindfall, parkeringsplass, ballplukking på drivingrangen og reinhald i Lunden. Ballplukkinga har fungert svært godt der skifting mellom deltakarane mykje godt har vorte ordna mellom deltakarane. Reinhaldet i Lunden har også fungert ypparleg og toalettet der må vera eit av dei mest tiltalande offentleg tilgjengelege toaletta i kommunen. Vi må også takka dykk som ser kva som burde vore gjort på banen og som så utfører det, som t.d. merking av banen.

Økonomi:

I 2018 hadde vi eit årsresultat på Kr. 71 832,- I 2017 var resultatet Kr. – 81 529,-

Budsjett 2019

Styret foreslår same prisar som i 2018. Me forventar om lag same medlemsmasse og stønad frå sponsorar og kommune med inntekter som tidlegare år. Viss årsmøtet går inn for å kjøpa robotar vil vi få ei stor investering i år, men med innsparingar i arbeidskostnader og seinare investeringar i slåttestyr.

Takk

Styret takkar

- Sponsorar, Sparebankstiftinga og Kvam herad for verdfull støtte i 2018
- Hordaland landbruksteneste for godt utført banearbeid
- Medlemene for god og positiv innsats både med sin kunnskap og med nødvendig utstyr.

Norheimsund 3. februar 2019

For styret i Hardanger Golfklubb

Vigleik Skeie, leiar

